

Nordbø småbåthamn - utviding.

Moment til klage på avvisningsvedtak.

Regulering

Hamneanlegget ligg i eit politisk/administrativt landskap der det dei seinare år er utvikla ei sterk tru på at regulering etter reglane i plan- og bygningslova er til velsigning.

Regulering kan vera naudsynt i komplekse saker der det er aktuelt med oreigning.

Men reguleringsinstituttet bør ikkje trekkjast ut i parodien - med religiøse overtonar.

Gamle Radøy kommune svei i dette området (Bøvågen) av nokre skattekroner på det som truleg er den mest overambisiøse og urealistiske regulerings-saka i noregshistoria : totalregulering av ein etablert tettstad med oppheving av alle gjeldande reguleringsplanar og omfattande føresegner om privatfinansiering av infrastruktur.

Dispensasjon

Det er plan- og bygningsstyresmaktene som må definera eventuelle dispensasjonsbehov - utan å krevja utgreiingar om dette frå borgarane.

Ansvar

Kommunen skriv (pkt. 4) : -----Tiltaket krev søknad og løyve etter §§ 20-1 og 20-2, **dvs. at tiltaket krev bruk av ansvarlege føretak. Heimelshavar kan ikkje stå som søker.....**

Her er det ikkje nødvendigvis ein logisk samanheng (dvs.....).

Plan- og bygningslova, §23-1, utdrag :Ansvarlige i byggesaker innestår for at tiltaket blir utført i samsvar med **krav gitt i eller i medhold av** denne lov.....

Ansaret er relatert til krav i tekniske forskrifter (TEK) som omhandlar konstruksjonstryggleik, branntryggleik, dagslysinnfall, varmeisolasjon, ventilasjon osv.

Flytebyggjer vert samansett av flyttbare prefabrikerte element som ikkje er omfatta av det tekniske regelverket i plan- og bygningslova med tilhøyrande tekniske forskrifter (TEK).

Slike anlegg vil då falla inn under pbl §20-4 (Søknadspliktige tiltak som kan forestås av tiltakshaver).

Søknadsplikta etter plan- og bygningslova med tilhøyrande nabovarsling skal ivareta omsynet til private og almenne interesser – i dette tilfellet i strandlina og sjøalmenningen - der det også er søknadsplikt etter hamnelova administrert av hamnestyresmaktene.

Søknader etter plan- og bygningslova kan utførast i to trinn – først rammesøknad – deretter igangsettingssøknad (-er). Heimelen for krav om formelle ansvarserklæringar vi først gjera seg gjeldande ved søknad(-er) om igangsettingsløyve.